



Referat frå elevrådsmøte Lye skule

Elevar frå 4. – 7.trinn er representert i elevrådet. Ein gut og ei jente frå kvar klasse.

Sak 1 Smarttelefonfri barndom, kva er bra, kva er mindre bra?

Dette seier elevane om kva dei syns er bra med å ikkje ha smarttelefon:

- Kan bli mindre mobbing fordi då har ein ikkje snapchat, tiktok, kan ikkje leggje ut filmar og sånn.
- Blir meir sosial saman med venner fordi ein ikkje sitter på kvar sin mobil.
- Farlege folk kan ikkje koma så lett i kontakt med barn og ungdom, slik som ein høyrer om på nyheitene.
- Unngår press og påverknad knytt til utsjånad, klede og sånn.
- Ein del ting på youtube som ikkje passer for barn.
- Ein kan bli sliten og få vondt i hovudet om ein skroller mykje på mobilen.

Dette seier elevane om kva dei syns er bra med å ha smarttelefon:

- Det er kjekt å spela på.
- Du lærer mykje av å sjå ting på Youtube, t.d. engelsk
- Bra med google maps viss du trenger å finne vegen.
- Lett å ta kontakt med kvarandre.
- Foreldre kan sjå kor du er.

Fleire i elevrådet syns det viktig at dei får ha mobil slik at foreldre kan få tak i dei. Dei meiner foreldre kan leggje inn filter/begrensningar som gjer at ein ikkje kjem inn på alt ein vil. Det er aldersgrense på sosiale medier, men dei aller fleste får lov av foreldra å få det tidlegare enn anbefalt.

Sak 2 Kurs i elevråd og SU møte

Sjur, Turid og Erle skal på kurs i elevråd tysdag 5.november. Det begynner kl 08.30 og sluttar kl 13.30. Kurset er på Bryne og me blir henta med buss. Rektor blir med.

Dei skal og delta på SU-møte tysdag 21.oktober kl 08.00 på skulen. Der skal dei sei kva elevrådet syns om Smarttelefonfri barndom og leggje fram saka buss-skur utfor idrettshallen.

Sak 3 Saker frå klassane

- ønsker seg fleire spel og fotballar til klassane. Rektor svarte at trinna fekk masse spel av FAU rett før sommaren, dei har og fått nye fotballar. Nye spel må nok vente litt, men fleire fotballar skal dei få i løpet av hausten.
- Ønsker seg fleire teikneseriar og bøker i biblioteket. Rektor vidareformidlar ønske til bibliotekaren.
- Eit trinn vil ha mikrobølgjeovn i klasserommet. Rektor seier nei til dette, handlar om reglar, hygiene og brannsikkerheit. Når ein begynner på ungdomskulen får dei tilgang til kantine og mikroovn.

Sigrid Kjetland

-referent-